



Møteinnkalling

PARTSAMANSETT UTVAL FOR KOMMUNANE ULLENSVANG, JONDAL OG ODDA I PERIODEN 2017 - 2019

Utvalg:	Partssamansett utval - Ullensvang kommune
Møtestad:	Kommunehuset i Jondal
Dato:	17.04.2018
Tidspunkt:	12:00

Forfall skal meldast til Jondal kommune sitt sentralbord tlf.nr. 53 66 95 00 eller til Ragnvald Joakimsen på tlf.nr. 45 47 41 81.

Er nokon ugilde i ei sak, må det meldast frå om dette.
Varamedlemmer møter berre ved mottak av eigen innkalling.

Sak nr:	Sakstittel:
008/18	Godkjenning av protokoll
009/18	Omstillingsavtale Ullensvang kommune
010/18	Risiko- og sårbarheits analyse for samanslåingsprosjektet – ny behandling
011/18	Digitaliseringsstrategi Ullensvang kommune - ny behandling
012/18	Orientering frå fase 1 i kartleggingsarbeidet

Orienteringssaker:

- Rådmannsprosessen – tilsetting av fast prosjektleiar/rådmann
- HR-/Personalstillinga i prosjektorganisasjonen



Arkiv: K1 - 033
Arkivsak ID: 18/404 - 1
Journalpost ID: 18/5442
Saksh.: Ragnvald Joakimsen
Dato: 09.04.2018

Nemnd / utval	Møtedato	Saksnr
Partssamansett utval - Ullensvang kommune	17.04.2018	008/18

Godkjenning av protokoll

Dokumentnr	Tittel
353382	Protokoll - Partssamansett utval - Ullensvang kommune - 06.03.2018

Prosjektleder sitt forslag til

vedtak:

Utvalet godkjenner vedlagt protokoll fra førre møte.

Utvalet vel Elin Eide Brattabø og Ranveig Mannsåker til å underteikne protokollen frå dagens møte.

prosjektleder Ingjerd Astad



Arkiv:
Arkivsak ID: 18/409 - 1
Journalpost ID: 18/5513
Saksh.: Ragnvald Joakimsen
Dato: 10.04.2018

Nemnd / utval	Møtedato	Saksnr
Fellesnemnd Ullensvang kommune		
Partssamansett utval - Ullensvang kommune	17.04.2018	009/18

Omstillingsavtale Ullensvang kommune

Dokumentnr	Tittel
356061	Omstillingsavtale Odda, Ullensvang og Jondal

Prosjektleder sitt forslag til

vedtak:

Fellesnemnda godkjenner omstillingsavtale for tilsette i Odda, Ullensvang og Jondal slik den ligg føre.

Prosjektleder Ingjerd Astad,

Saksbehandlar:

Eivind Gregersen

Saka gjeld:

Arbeidet med å utvikle Ullensvang kommune skal bidra til å sikre den nye kommunen kapasitet og kompetanse for å levere gode tenester. Gjennom det vil måla for den nye kommunen nåast. Måla er fastsett i intensjonsavtalen:

- *Odda kommune, Jondal kommune og Ullensvang herad ynskjer i saman å skapa ein ny, livskraftig og attraktiv kommune i Hardanger.*
- *Den nye kommunen skal sikra og vidareutvikla kvalitet i tenestene nært innbyggjarane og vera ein god kommune å bu og veksa opp i.*
- *Målet med kommunesamanslåinga er å sikra innbyggjarane i dei tre kommunane gode tenester i framtida.*

I samband me etablering av ny kommune fekk arbeidsgruppa HR/personal i mandat å utarbeide

ein omstillingsavtale. Grappa har fylgjande medlemmer:

- Marianne Halland, representant for arbeidsgjevar – Odda kommune
- Birgitte P. Ødegaard, representant for arbeidsgjevar – Jondal kommune
- Eivind Gregersen, representant for arbeidsgjevar – Ullensvang herad
- Kjellrun Tveisme, representant for arbeidstakar – Ullensvang herad
- Rannveig Mannsåker, representant for arbeidstakar – Odda kommune
- Per Gunnar Hammer, representant for arbeidstakar – Jondal kommune

Avtalen har som mål å sikre ein føreseieleg omstillingsprosess for alle kommunane sine tilsette, og byggjer på arbeidsmiljølova, hovudavtalen og hovudtariffavtalen. Omstillingsavtala kjem i tillegg til arbeidsmiljølova kap. 16 om verksemdoverdraging, som mellom anna sikrar dei tillitsvalde sine rettar til å verta inkludert i prosessen.

Avtalen bidreg til at Ullensvang kommune sikrar kapasitet og kompetanse for å levere gode tenester. Det same gjeld dei tre kommunane i omstillingsperioden. Avtalen skal bidra til å redusere talet på overtalige under og etter omstillingsperioden. Avtalen skal vidare sikre openheit om verkemiddel og spelereglar i prosessen. Avtalen skal bidra til å sikre at dei tre kommunane allereie no samarbeider om felles utfordringar som gjeld organisering og bemanning.

Det er vidare i intensjonsavtala fastsett prinsipp ved samanslåinga som gjeld dei tilsette:

“Tilsette i dei tre kommunane skal ikkje bli sagt opp som følgje av prosessen. Eventuelle overtalige skal få tilbod om nye oppgåver i den nye kommunen. Den administrative omorganiseringa skal skje i nært samarbeid med dei tilsette og tillitsvalde. Den nye kommunen skal vera ein attraktiv og utviklande arbeidsplass for dei tilsette. Ein større kommune vil gje meir effektiv administrasjon. Vinsten skal nyttast til å gi betre tenester til innbyggjarane”.

Kommunal – og moderniseringsdepartmentet har og utarbeida ein rettleiar som skisserer kva ein omstillingsavtale kan regulera;

“I avtalen kan en omtale medvirkning og medbestemmelse for ansatte, hvordan og når ansatte skal informeres, identifisering av særlig berørte ansatte, organisasjons- og bemanningsplan i den nye kommunen, innplassering i den nye kommunen, omstillingstiltak mv. Omstillingsavtalen kan vedtas av fellesnemnda og slik gi overordnede føringer for hvordan de folkevalgte og rådmennene skal håndtere sitt arbeidsgiveransvar i omstillingsprosessen. Tydelig rollefordeling og stor grad av åpenhet og involvering er viktige forutsetninger for en vellykket prosess”.

Arbeidsgrappa har utarbeidd eit forslag til omstillingsavtale på bakgrunn av fleire arbeidsgruppemøte i HR/personal, høyringsrunde i alle kommunar og 2 drøftingsmøte med arbeidstakarorganisasjonane. Innkomne innspel undervegs i prosessen er tatt med i ny avtale, og eit sentralt punkt som vart endra på var forlenging av avtaleperioden til 31.12.2022. Årsaka til dette var å ha betre tid med prosessen, og sikre rettar og plikter for dei tilsette fram til 2022. Og behalda kompetente medarbeidarar vidare i prosessen.

Omstillingsarbeidet skal gjennomførast i samsvar med dei forplikingane partane har etter hovudavtalen, arbeidsmiljølova, hovudtariffavtalen og andre overordna føringar.

Det er difor naudsynt med fellesnemndas godkjenning av avtalen, før den vert gjort gjeldande.

Samandrag/ konklusjon:

Prosjektleiari rår til at fellesnemnda godkjenner omstillingsavtale for tilsette i Odda, Ullensvang og Jondal slik den ligg føre.

Saka skal ekspederast av:
Partsbrev skal sendast til:

Sakshandsamar
Alle relevante partar
Arkiv



Arkiv:
Arkivsak ID: 18/266 - 2
Journalpost ID: 18/5509
Saksh.: Ragnvald Joakimsen
Dato: 10.04.2018

Nemnd / utval	Møtedato	Saksnr
Fellesnemnd Ullensvang kommune		
Partssamansett utval - Ullensvang kommune	17.04.2018	010/18

Risiko- og sårbarheits analyse for samanslåingsprosjektet – ny behandling

Dokumentnr	Tittel
356034	Vedlegg_ROS_ferdig utgave_IA
352177	Risiko- og sårbarheits analyse for samanslåingsprosjektet – vidare innspel og bearbeiding

Prosjektleder sitt forslag til

vedtak:

Fellesnemnda vedtek den framlagde risiko- og sårbarheitsanalysen for samanslåingsprosjektet.

Prosjektleder Ingjerd Astad,

Saksbehandlar:

Ingjerd Astad

Saka gjeld:

Fellesnemnda fatta følgjande vedtak i sak 013/18:

Fellesnemnda gjev vidare innspel til ROS-analysen for samanslåingsprosjektet Ullensvang kommune. Prosjektleder får i oppdrag å bearbeide analysen, som vert lagt fram til ny handsaming i møte i april.

Punkt ut av ROS-analysen

- manglande forankring
- krig mellom bygdene / kommunane
- smelteverkstomta
- dødsfall/sjukdom i leiinga
- konflikt mellom kollegaer
- Manglande / treg informasjon
- Pkt 2 under IT-system
- Einevelde, bæde politisk og administrativt maktmisbruk

Generelle endringar:

- Slå saman hendingar
- Vurdera sannsyn strengare
- Medlemer i PSU kan i ettertid senda inn kommentarar til prosjektleiar

Prosjektleiar får mandat til å endre dokumentet

Slå saman fleire punkt, bl.a. om samarbeid

Ein risiko- og sårbarhetsanalyse (ROS-analyse) skal sikre måloppnåing og ei felles oppfatning om kva risikoen i prosjektet. Målsettinga med samanslåinga av dei tre kommunane Jondal, Odda og Ullensvang er; *Å skapa ein ny, livskraftig og attraktiv kommune i Hardanger.*

Som det er vist til i sak 013/18 skal ROS-analysen vera ei kvalitativ risikovurdering som bygger på fagleg skjønn og erfaringar. Målsettinga med ein slik ROS-analyse er å kunna vera "føre var" – og å kunna setja i verk tiltak for å forhindre at dei tenkte hendingane skjer. Gjennom arbeidet med ein slik analyse tenkjer vi mellom om anna å synleggjera:

- Uønska hendingar som vil kunne inntreffa
- Vurdere kor stort sannsyn det er for at hendingane kan inntreffa
- Vurdere kor store konsekvensane kan verta om hendingane inntreff

ROS-analysen skal altså gje ei vurdering av kor sannsynleg ei hending er, konsekvens(ar) og moglege tiltak for å redusera risikoen.

Sannsyn er vurdert vurdert ut frå følgjande: 1. Lite sannsynleg, 2. Mindre sannsynleg, 3. Sannsynleg, 4. Meget sannsynleg og 5. Svært sannsynleg.

Både partssamansett utval og fellesnemnda har kome med innspel om risikomoment for sjølve samanslåingsprosjektet som både leiarar, tillitsvalde, verneombod og folkevalde har utarbeidd. Ut frå desse innspela har prosjektleiar utarbeidd forslag til område som kan vere risikoar i prosjektperioden. Forslag til ROS-analyse ligg ved denne saka.

Saka skal ekspederast av:

Partsbrev skal sendast til:

Sakshandsamar

Alle relevante partar

Arkiv



Arkiv:
Arkivsak ID: 18/265 - 2
Journalpost ID: 18/5472
Saksh.: Ragnvald Joakimsen
Dato: 10.04.2018

Nemnd / utval	Møtedato	Saksnr
Fellesnemnd Ullensvang kommune		
Partssamansett utval - Ullensvang kommune	17.04.2018	011/18

Digitaliseringsstrategi Ullensvang kommune - ny behandling

Dokumentnr	Tittel
352174	Digitaliseringsstrategi Ullensvang kommune
352210	NUK - Felles Digitaliseringskomponentar og retningslinjer
352211	Helse og sosial NUK Digitaliseringsstrategi
352212	Oppvekst NUK Digitaliseringsstrategi
352213	Teknisk NUK Digitaliseringsstrategi
352214	Fellestenester NUK Digitaliseringsstrategi

Prosjektleder sitt forslag til

vedtak:

- Fellesnemnda vedtek digitaliseringsstrategien som overordna strategi for den digitale utviklinga i bygginga av Ullensvang kommune.
- Høyringsinnspela frå Jondal kommune blir inarbeidd i den overordna strategien.
- Den overordna digitaliseringsstrategien skal vise retninga på den digitale utviklinga av organisasjonen, og vere med å legge grunnlaget for ei effektiv og framtidretta tenesteutøving til innbyggjarane.

Prosjektleder Ingjerd Astad,

Saksbehandlar

Ingjerd Astad

Saka gjeld:

Fellesnemnda fatta i sin sak 012/18 følgjande vedtak:

1. Fellesnemnda vedtek forslag til Digitaliseringsstrategi som høyringsnotat.
2. Fellesnemnda gjev prosjektleder oppdrag til høyring av Digitaliseringsstrategi i dei tre kommunane / herad og i alle hovedarbeidsgruppene i prosjektet. Innspillene skal vurderast og vert innarbeidd i endeleg versjon som vert lagt fram til handsaming.
3. Fellesnemnda ber om at endeleg versjon av Digitaliseringsstrategi verta lagt fram til handsaming i Partssamansett utval på møte den 17. april for å gje uttale til strategien, og til handsaming og endeleg vedtak i fellesnemnda på møte den 27.april.

I sak 012/18 vedtok fellesnemnda å sende forslag til digitaliseringsstrategi ut på høyring i dei tre samanslåingskommunane. Det var ikkje komme innspel til høyringsfristen. I etterkant av høyringsrunden kom det innspel frå Jondal kommune. Innspelet er lagt ved saka, men ikkje innarbeidd med bakgrunn i tidspunkt det var motteke.

I samband med vidare behandling av den overordna digitaliseringsstrategien ønskjer prosjektleder å gje et noko meir utfyllande bilete på kva som gjer ein slik overordna strategi viktig og nødvendig i bygginga av Ullensvang kommune.

Korfor dette fokuset på digitalisering? Målsettinga med samanslåinga av kommunane Jondal, Odda og Ullensvang er; *Å skapa ein ny, livskraftig og attraktiv kommune i Hardanger.* Intensjonen med en eigen digitaliseringsstrategi er å sikra at Ullensvang kommune får ein overordna strategisk plan for digitalisering som vil setja organisasjonen i stand til å gjera godt funderte digitale vegval i tida som kjem. Dette tek særlig inn i seg dei førande prinsippa for arbeidet med samanslåinga som omhandlar følgjande; ...*Den nye kommunen skal utviklast og driftast med utgangspunkt i dei tidlegare kommunane sine fortrinn og sterke sider, men og ta inn over seg utfordringane i framtida.* Og vidare; *Den nye kommunen skal organiserast slik at den kan møte framtida sine utfordringar og krav til tenesteutøving til innbyggjarane på ein god måte.*

Nye Ullensvang kommune må setjast i stand til å yta effektive tenester. I dette vil teknologi og digitalisering både vera mål, drivarar og ein del av løysingane. Utvikling av digitale tenester vil ha innverknad påkorleis vi i dag planlegg, organiserer og utfører tenester. Det vi snakkar om er *digital transformasjon*. Det omhandlar endring og fornying av tenester, prosessar og arbeidsmåtar.

Innbyggjarar og andre aktørar sine forventningar til tilgjenge, brukarvenlege tenester og selvbetjening av tenester endrar seg raskt. Morgondagen sine innbyggjarar, næringsaktørar og brukarar vil stille heilt andre krav enn før. Dersom vi vil lukkas i framtida må vi levere på nye krav frå innbyggjarar, brukarar og samfunn.

I realiteten handlar utvikling av ein organisasjon om relasjonen mellom kunnskap og verdiskaping, om fokuset på menneske og kva samskaping kan føra til. Korleis kan vi ta i bruk ny teknologi og gjere det handterbart. Skal vi lukkast med utvikling handlar det alltid om dei menneska som er i organisasjonen. For å oppnå suksess er det alltid viktig at vi trur på det sjølv – då kan det bli ei spanande reise. Interaksjonar skjer mellom menneske – dei teknologiske løysingane er berre verktøy for å effektivisera arbeidsprosessar og auke kvaliteten på tenestene. Det viktige er at vi koplur dei menneskelege ressursane til kunnskap om kva som er teknologisk mogleg. Skal vi lukkast må medarbeidarane få moglegheit til å læra å tenka på ein annan måte, læra å bruka dei teknologiske løysingane i dei tenestene som vi skal levere i Ullensvang kommune. Medarbeidarane i Ullensvang kommune skal oppleve meistring og motivasjon til å stå i den tenesteytinga som skal leverast – til kommunen sine innbyggjarar og andre aktørar. Teknologiske løysingar i seg sjølv er ikkje nok – kunnskap om teknologi er nødvendig, men ikkje nok; det handlar om å setje kunnskap i rørsle og leggje til rette for at dei teknologiske løysingane kan takast i bruk – først då får kunnskapen og løysingane verdi for dei som er mottakarar av dei kommunale tenestene i Ullensvang kommune.

Og; for å kunne arbeide med kva og korleis – må vi først vite kvar vi skal. Det er dette den overordna digitaliseringsstrategien skal hjelpe oss til å forstå. Den syner retning for arbeidet med å utvikla den nye kommunen og i vidare arbeidet etter at den nye kommunen er et faktum frå 1. januar 2020.

Satsing på digitalisering er ikkje berre eit internt ønske i sammenslåingsprosessen. Dette er også prega av sterke, ytre drivkrefter – og er ikkje minst styrt av overordna politiske målsetjingar. Eit samla Storting er samd om at offentleg sektor skal effektiviserast. Velferdssamfunnet må førebu seg på å yte minst like mykje som i dag, men utan å auke bruken av statlege inntekter. Kommunane har ein stor grad av ansvaret for å sikre velferden for innbyggjarane. Dette kjem ikkje til å avta. Difor er det heilt nødvendig at Ullensvang kommune legg til rette for nye og meir effektive løysingar. Vi har som mål å jobba smart og nytte dei samla ressursane på best mogleg måte. Frå sentralt hald ser vi at enkelte parti nå tek til orde for at all kommunikasjon med styresmaktene skal vere digitale innan 2025. Dette er ikkje vedteke, men ein så offensiv bodskap berre strekar under kor viktig det er at vi i bygginga av ein ny, livskraftig og attraktiv kommune, legg til rette for at det reelt sett er mogleg å henga med i utviklinga. Vi i kommunane må på vår side vere tydelege i vår bodskap til overordna styresmakter at dei må leggja betre til rette for gode digitale løysingar enn det som er tilfelle i dag. Framleis er mange av løysingane både tidkrevjande og for lite brukarvenlege. Berre gjennom gode løysingar vil vi kunne sikra at innbyggjarar og brukargrupper i alle aldrar vil kunna ta del i det digitaliserte samfunnet. Som kommune er det vår oppgave å sørge for at kompetansen, kunnskapen og tilrettelegginga er på plass i organisasjonen, for at samfunnet Ullensvang kommune skal kunna nytte digitale verktøy både i tenestene som dei mottek og i dialogen mellom den einskilde innbyggjar og kommunen.

I stadig aukande grad vil vi altså ta i bruk digitale løysingar og verktøy. Vi vil sjå endringar i måten vi jobbar på. Endring handler om at vi gjer noko nytt. Vi nyttar erfaringar og kunnskap – saman med nye løysingar som er/blir tilgjengelege for oss for å yte tenestene på ein smartare og meir effektiv måte. Det skjer i skulen, t.d. i oppfølginga av elevane, og i dialogen mellom heim og skule. Det skjer i helse- og omsorgstenestene, der vi tek i bruk velferdsteknologi og smarte løysingar som gjer at medarbeidarane kan frigjere meir tid til pleie og omsorg. Og det skjer innanfor dei tekniske tenestene, i HR/personal, i saksbehandling, miljø, samfunnsutvikling osv.

Digitalisering legg til rette for auka verdiskaping og innovasjon, gjennom ny kunnskap og kompetanse, som endrar arbeidsprosessar og legg til rette for å auke produktiviteten. Det handlar om å utvikle nye og betre tenester som er enkle og pålitelege ved bruk av ny teknologi. Ein vesentleg del av kunnskapen vår må vi hente gjennom kartlegging av kva innbyggjarar,

aktørar og brukarar nyttar av digitale verktøy og løysingar i dag, og kva dei treng og ønsker, før vi utviklar og tek i bruk nye løysingar.

Så er det ikkje slik at digitalisering er noko nytt – det er omfanget, krafta og samanhengane som inntreir i aukande grad. Ein stor del av innbyggjarane i dagens tre kommunar har allereie teke i bruk ei mengd digitale løysingar. Det same har også dei tre kommuneorganisasjonene gjort. Døme på dette er:

Innafor helse blir det jobba med E-helse, kor dette m.a. handlar om:

- Tilrettelegge for å bu heime lengre
- Digital samhandling for medarbeidarar og samarbeidspartnarar
- Digitale tenester til brukarar og pårørande
- Bygningar for framtida
- Utnytte teknologi i institusjonane
- Auka tenestekvalitet

Innafor oppvekst blir det m.a. jobba med

- SMART-læring i barnehagar og skular
- digital kontakt mellom skule og heim

Administrativt er det mellom anna teke i bruk og gjennomført følgjande tiltak dei siste åra:

- Visma ressursstyring – Digitale reiserekningar, vaktbok, lønsslipp, ferie og fråvær m.m.
- FDV Huset – Teknisk forvaltning, oversyn over bygg og kommunikasjon med tenesteleiarar
- SvarInn, SvarUt – En del av FIKS plattformen – sikker elektronisk behandling av inngåande og utgåande post.
- Digitale internkontrollsystem – Digitalisering av avvik, internkontroll, delegeringsreglement m.meir
- Politikarportalar

Heilt overordna så er tanken bak desse tiltaka å vri ressursbruken over frå tunge manuelle rutinar, til å frigjere ressurser til utvikling og tenesteyting :

Døme på planer framover er:

- utskifting av fasttelefonar med mobiltelefoni
- E – helse i Ullensvang og Jondal for fullt kopla opp mot e-helse prosjektet til Odda
- Standardisering av utstyr (datamaskiner, nettbrett o.l.)

I perioden fram mot 2020 utviklar dagens kommunar i samarbeid digitale løysingar der det er mogleg.

Under behandlinga av sak 012/18 i fellesnemnda, vart det frå fleire representantar peika på at den overordna digitaliseringsstrategien ikkje hadde kulturområdet som eit vesentleg digitalt satsingsområde. Til dette er det å seia at kultur, involvering og interaksjon ligg i fleire av satsingsområda i strategien. Når den administrative organiseringa av den nye kommunen kjem på plass, vil det bli behov for å utvida den overordna strategien, slik at den tek inn i seg både

kultur og samfunnsutvikling som vesentlege område i digitaliseringsstrategien. Dette kjem vi tilbake til når den administrative organiseringa er vedteke av fellesnemnda. Så langt som digitaliseringsstrategien nå ligg føre, vil den kunne gje gode styringssignal til arbeidsgruppene som jobbar med å utforme framtidens Ullensvang kommune. Leiar i den administrative hovudarbeidsgruppa for Kultur og innbyggjarinteraksjon har allereie god fokus på digitalisering i sitt arbeid, og melder følgjande: *For kulturfeltet vil det vera viktig å nytta digitale, interaktive løysningar i samspelet med brukarar og samarbeidspartnarar for å auka tilgongen til og forenkle tilbudet me skal gje. Det kan vera sjølvbetening, døgnopen forvaltning, kommunikasjon og digitale kulturtilbod til spesielle grupper. Kulturen kan, gjennom sine tenester, ta eit ansvar for opplæring av innbyggjarane i Ullensvang kommune. Forslaget til overordna digitaliseringsstrategi har mykje god innbyggjarinteraksjon i seg.*

KS har nylig lansert ein rapport med gode råd for å lukkast i digitale omstillingsprosessar, med utgangspunkt i at digital omstilling i kommunane set høge krav til vilje og omstillingskompetanse. Råda vil vi ta med i det vidare utviklingsarbeidet i dei tre eksisterande kommunane fram til 2020 og i bygginga av Ullensvang kommune:

1. Politisk og administrativ leiing må ta aktivt eigarskap til den digitale omstillinga
2. Alle ansatte må bli involvert i omstillingsprosessane
3. Gje handlingsrom for ildsjeler og endringsagentar
4. Digitalisering må henga saman med utvikling av ein lærings- og innovasjonskultur
5. Digital omstilling handlar om å vurdere dagens arbeidsprosessar og organisering på nytt
6. Rekrutter spisskompetanse og legg til rette for kontinuerleg læring på arbeidsplassen
7. Gevinstar må planleggjast tidleg og følgjast opp over tid
8. For å gje kraft til digitaliseringsprosjekt bør det etablerast eigne program ved sidan av ordinær drift
9. IT-prosessar og -innkjøp må forankrast i overordna leiing

Saka skal ekspederast av:

Partsbrief skal sendast til:

Sakshandsamar

Alle relevante partar

Arkiv



Arkiv: K1 - 036
Arkivsak ID: 17/1779 - 6
Journalpost ID: 18/5432
Saksh.: Ragnvald Joakimsen
Dato: 09.04.2018

Nemnd / utval	Møtedato	Saksnr
Partssamansett utval - Ullensvang kommune	17.04.2018	012/18
Fellesnemnd Ullensvang kommune		

Orientering frå fase 1 i kartleggingsarbeidet

Dokumentnr	Tittel
355971	Helse og omsorg - Rapport Fase 1
355972	Kultur og innbyggjarinteraksjon - Rapport Fase 1
355973	Oppvekst og utdanning - Rapport Fase 1
355974	Teknisk - Rapport Fase 1

Prosjektleder sitt forslag til

vedtak:

Saka blir teke til orientering

Prosjektleder Ingjerd Astad,

Saksbehandlar

Ragnvald Joakimsen

Saka gjeld:

Fellesnemnda vedtok i si sak 028/17 hovudstrukturen for arbeidsgrupper i samanslåingsprosessen for Ullensvang kommune. Det vart oppretta arbeidsgrupper i tre ulike kategoriar:

- politiske arbeidsgrupper
- koordinerte arbeidsgrupper
- administrative arbeidsgrupper

Arbeidet er delt inn i 3 fasar

- Fase 1 Notid - Kartlegging
Periode: fram til 15.03.2018
- Fase 2 Framtid – Innhald, organisering, strukturar, lokalisering
Periode: fram til 01.06.2018
- Fase 3 Gjennomføring

Denne saka gjeld i hovudsak det arbeidet som har gått føre seg i dei administrative arbeidsgruppene i fase 1.

I utgangspunktet rapporterer desse gruppene direkte til prosjektleiar, men prosjektleiar ønskjer likevel å orientere PSU og fellesnemnda kort om arbeidet så langt.

Rapporteringa gjeld følgjande arbeidsgrupper:

- Gr. 1 Administrativ organisering, stabsfunksjonar og utvikling av organisasjonen
- Gr. 2 Oppvekst og utdanning
- Gr. 3 Helse og omsorg
- Gr. 4 Tekniske tenester
- Gr. 5 Kultur og innbyggjarinteraksjon

Alle gruppene har vore i arbeid i perioden.

Det er levert sluttrapport frå alle gruppene unnateke gr 1. Desse er vedlegg til saksutgreiinga (Rapport frå gr. 1 vil bli ettersendt når den er klar)

Alle gruppene, unnateke gr. 4, har oppretta undergrupper som i ulik grad har vore i arbeid med deler av hovudgruppene sine ansvarsområde.

Tilbakemeldingane frå gruppene kan kort oppsummerast slik:

- stort arbeidspress
- positiv innstilling til arbeidet
- godt samarbeidsklima i gruppene

Viser elles til vedlagte rapportar frå arbeidsgruppene.

Samandrag/ konklusjon:

Saka gjeld kort oppsummering av arbeidet i dei administrative arbeidsgruppene i fase 1. Saka er lagt fram for PSU og Fellesnemnda til orientering.

Saka skal ekspederast av: Sakshandsamar
Partsbrev skal sendast til: Alle relevante partar
Arkiv